



Bergen kommune
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato: 05.11.2014
Vår ref.: 2014/19571-69
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Underretting om tildeling av tilskot - Den kulturelle spaserstokken 2014

Innleiing

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til Den kulturelle spaserstokken.

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, har i møte 21. oktober 2014, sak 131/14, vedteke å tildele kr 930.000,- i tilskot til Bergens kulturelle spaserstokk 2014.

Grunngjeving

Ved søknadsfristen 1. september var det kome inn 30 søknader. Det er kr 2.450.000 til fordeling i 2014.

I brev frå Kulturdepartementet til alle fylkeskommunane, datert 28.03.2014, står det m.a. at *midlane til kommunane skal fordelast ut frå kvalitative og/eller kvantitative kriterium som kan fastsetjast av den enkelte fylkeskommunen i tråd med overordna formål for ordninga.*

I Hordaland har Kultur- og ressursutvalet valt å følgje ei kvantitativ vurdering basert på 3 kriteria: 1) Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen, 2) Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolkning og 3) Areal.

Den kvantitative utrekninga gjer at fem kommunar skulle fått ei større tildeling enn det er søkt om. Dette gjeld kommunane Odda, Tysnes, Masfjorden, Eidfjord, og Fedje. Det som går ut over det som er søkt, vert samla i ein pott og vert fordelt ut frå skjøn mellom kommunane som er tildelt mindre enn omsøkt. Alle kommunane har fått ein liten auke til heile tall, medan nokre kommunar har fått ein større auke. Ein større auke er basert på ei heilskapleg vurdering ut frå programinnhald, nyskaping og utvikling av program, samarbeid, søknadssum og tildelinga i 2013 frå Kulturdepartementet.

Det vert elles vist til vedlagt kopi av saksframlegg og vedtak. Desse finn ein også på Hordaland fylkeskommune si heimeside www.hordaland.no/kultur.

Utbetaling

Tilskotet vil bli utbetalt snarast.

Vilkår for tilskotet

Tildelinga byggjer på følgjande føresetnad:

- Midlane skal nyttast innanfor føremålet med Den kulturelle spaserstokken som er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det kan utviklast gode kunst- og kulturprosjekt for eldre innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk.

- Midlane skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå.
- Tiltaka som får støtte skal være gjennomførte innan 31. desember 2015.
- Tilskot skal ikkje erstatte kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering.
- Det skal ikkje ytast tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling.

Rapportering

Rapport med rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga innan 1. kvartal 2016.

Rapporten skal gje ei kortfatta skildring av korleis midlane har vore nytta.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar på førespurnad å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor alle opplysningar/dokument som dei finn naudsynt for sin kontroll og elles medverke til gjennomføringa av denne.

Midlar som ikkje vert nytta

Midlar som ikkje vert nytta innan 31. desember 2015, skal betalast tilbake til fylkeskommunen.

Brot på vilkåra

Dersom det ligg føre vesentlege brot på vilkåra kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis. Midlane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

Med vennleg helsing

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B. Skaar
seksjonsleiar/utviklingssjef

Sakshandsamar: Marianne Ose Askvik

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.